



NOTODDEN KOMMUNE

0612 Notodden

SEKSJON FOR SAMFUNNSUTVIKLING, LANDBRUK, AREAL OG  
BYGGESAKLandbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 1753	Dokument: 41
Mottatt: 12 DES 2005 ASR/ASRL	
Saksbeh.: LEK	Arkiv: 161
KOD:	Åvskr.:

Vår ref.:  
05/01562Arkivkode:  
242 V00 &13  
011928/05

Deres ref.:

Dato:  
06.12.05

## HØRING - NY FORSKRIFT OM SKOGFOND MV

Notodden kommune har følgjande merknader til utkastet til ny forskrift om skogfond.

Generelt er vi positive til at det nå blir lagt fram ein ny forskrift som samlar innhaldet i fleire gamle forskrifter. Det medverkar til forenkling.

### § 2 – 1 Verkeområde mv.

Ei forskrift som dette er laga for bruk i den praktiske forvaltninga. Det er då viktig at dei ulike føresegnene er formulert enkelt og lettfatteleg. På den bakgrunn vil vi rå til at Departementet ser på formuleringane i denne paragrafen med sikte på kortare og meir lettfattelege setningar.

### § 2- 2 Sats for avsetjing av fond

Nedre sats for avsetjing til skogfond bør aukast utover 4 % som det er gjort framlegg. Den økonomiske utviklinga i skogbruket har no i mange år vore slik at tømmerverdien står nærast uendra medan kostnadene knytt til forynging av skog og vegbygging stadig aukar. På denne bakgrunn og på bakgrunn av dei behov som vi erfarer i den daglege forvaltninga i kommunen er vi av den oppfatning at minste sats bør aukast til dømes til 7 %. Dette fyrst og fremst for å sikre midlar til å gjennomføre ei tilfredsstillande forynging etter hogst.

### § 2- 2 Nærare om innbetaling til skogfond

For å sikre ein god informasjon ut til skogeigarane når tilgangen til skogfondskontoen blir opna på web (WebSkas) er det viktig å forenkla flyten av pengar frå kjøpar til skogfondskontoen. Sidan beløpet som er avsett til skogfond er oppgjeve på virkesavrekninga tur dei aller fleste skogeigarar at midlane kjem inn på skogfondskontoen samstundes med at dei mottar virkesoppgjær. Dette medfører mange unødig misforståingar og ekstraarbeid for den daglege drifta av skogfondet på kommunenivå.

For å forenkla dette bør ein nå nytte høve til å korte ned på innbetalingstida. Dette er også vesentleg for at ein skal få utnytta det nye informasjonssystemet (WebSkas). I motsett fall vil systemet vera så dårleg oppdatert at tilliten til systemet vil verta vesentleg redusert. Vårt forslag er at skogfondsmidlane overføres seinast 3 veker etter at den dag oppgjæret for det leverte virket fell til betaling. Vi tek utgangspunkt i at dette må vera mogleg å få til gjennom modifiseringar av dagens IT-system for virkesomsetning og skogfondsmidlar.

Saksbeh. direktelinje:	3501 5084	Sentralbord:	3501 5000	Org.nr.:	938 583 986
Hovedfax:	3501 5001	Saksbeh. telefaks:	3501 5004	Bankgiro:	5161.05.01803
Postadr.:	Pb. 193, 3672 Notodden				
E-post:	postmottak@notodden.kommune.no				

### **§ 3 - 3 Tilbakebetaling frå skogfondet**

Med dagens tømmerverdi har eigedomar på 10 da liten verdi som skogbrukseigedom. Derfor bør grensa for tilbakebetaling høgdast vesentleg. Det er ingen grunn til å ha eigen skogavgiftskonto knytt til slike eigedomar. Vi foreslår at grensa settes til 25 da.

### **§ 4 –1 Bruk av rentene av fondet**

I denne paragrafen er det ikkje gitt nokon avgrensing i omfanget av inntrekking av rentemidlar frå kommunane. Dei seinare år har det vore trekt inn ca 2/3 av midlane til departement, skogeigarforening og fylkesmann. Dette samsvarar svært dårleg med dei intensjonar som er trekt opp i den nye landbrukspolitikken der kommunane er gitt eit nytt og større ansvar. Dersom Departementet skal følgje opp dette i praksis, bør ein avgrense inntrekkinga slik at desse midlane kan gi kommunane eit betre grunnlag for å utvikle skognæringa lokalt. Vårt framlegg er at det i denne paragrafen blir fastsett at det ikkje kan trekkjast inn meir enn 50 % av dei lokale rentemidlane frå kvar kommune.

Med helsing



Hans Bakke  
Seksjonsleder